



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/743 - 18/33462

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

06.11.2018

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 11/18 Hølleland - Hosøy

**Tiltak:** fritidsbustad  
**Byggjestad:** Gbnr: 11/18 Stranda 824  
**Tiltakshavar:** Rita R og Bjørn E Lunde  
**Ansvarleg søkjar:**

Saka gjeld søknad om dispensasjon for riving av eksisterande fritidsbustad og uthus, og oppføring av ny fritidsbustad. Ny fritidsbustad vil få ny plassering på eigedommen. Dispensasjonen omfattar og tilkomstveg, parkeringsplass og avløpsanlegg.

### Planstatus

Eigedommen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til bustadføre mål. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføre målet bustad og frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan (plankrav).

### Politisk handsaming

Saka vart handsama av plan- og miljøutvalet i møte den 29.08.18, der følgjande vedtak vart fatta: Lindås kommune gjev dispensasjon for arealføre målet og plankravet i kommuneplanen sin arealdel for riving og oppføring av ny fritidsbustad på gbnr 11/18 med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2. Dispensasjonen vert gjeve på vilkår av at ny fritidsbustad stettar krava i punkt 2.20 i kommuneplanen sin arealdel når det gjeld storleik, høgder og utnytingsgrad.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Per Sveinar Morsund på e-post per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no eller på telefon 5637 5000.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om riving av fritidsbustad og dispensasjon for oppføring av ny fritidsbustad - gbnr 11/18 Hølleland - Hosøy

Søknad om dispensasjon - gbnr 11/18 Hølleland - Hosøy

Kart

Etterspurd tilleggsinformasjon - gbnr 11/18 Hølleland/Hosøy

Fwd Byggesak GBNR 1118 Hølleland - Hosøy - fritidsbustad Tiltakshavar Rita R og Bjørn E Lunde

Situasjonsplan

Tilleggsinformasjon til dispensasjonssøknad - gbnr 11/18 Hølleland - Hosøy

**Kopi til:**

Bjørn Eivind Lunde	Skarefjellet 51	5174	MATHOPEN
--------------------	-----------------	------	----------

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------